

# Hemsedal kommune

## Møteinnkalling

### Kommunestyret

**Møtested:** Kultursalen

**Møtedato:** 03.04.2008

**Tid:** 19.00

Eventuelle forfall må meldast til møtesekretær i sekretæriet på telefon 31408800

Varamedlemmer møter kun etter nærmere avtale.

**Møtet startar med kulturelt innslag**  
med elevar frå musikk- og kulturskulen

**Før møtet: Folkets spørjetime**

**Etter møtet: Open post**

## SAKSLISTE

<b>Saknr.</b>	<b>Arkivsaksnr.</b> <b>Tittel</b>
10/08	08/362 <b>GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FORRIGE MØTE</b>
11/08	08/362 <b>MELDINGAR</b>
12/08	07/1432 <b>BARN OG UNGE SIN REPRESENTANT I PLANSAKER - SØKNAD OM FRITAK</b>
13/08	08/215 <b>SPESELLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET (SMIL). REVIDERING AV TILTAKSSTRATEGI 2008-2011 FOR HEMSEDAL/HALLINGDAL</b>
14/08	08/104 <b>BEHOVSUNDERSØKING OM UTVIDA OPNINGSTID I BARNEHAGANE</b>
15/08	07/1606 <b>RETNINGSLINJER FOR HANDSAMING AV SØKNAD OM FRITAK FOR RENOVASJONSAVGIFT</b>

- 16/08 07/1083  
**UTBYGGINGSAVTALE HEMSEDAL INFRASTRUKTUR AS**
- 17/08 08/339  
**HALLINGDAL INNKREVINGSKONTOR - REVIDERING AV  
VEDTEKTER**
- 18/08 08/329  
**ØKONOMIPLAN 2008-2011 – AUKE AV INNTEKTER**
- 19/08 08/360  
**BUDSJETT 2008 - FRAMLEGG TIL INNSPARINGAR OG  
JUSTERINGAR ETTER HANDSAMING I  
ØKONOMIUTVALET**

Hemsedal, 27.03.2008

Oddvar Grøthe (sign)  
Ordførar

Anne Marie Storeheier  
Sekretær

# Hemsedal kommune

## Sakshandsaming

**Saknr .:** 10/08  
Arkivsaksnr: 08/362  
Arkivkode:

Saksbehandler:

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 10/08	Kommunestyret	03.04.2008

### ***GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FORRIGE MØTE***

#### ***Saka blir avgjort av:***

Kommunestyret

#### ***Vedlegg:***

Ingen

#### ***Saksopplysningar:***

Saka gjeld godkjenning av protokoll frå møtet i kommunestyret 7. februar 2008 .

#### ***Rådmannen si tilråding:***

Protokoll frå møtet i kommunestyret 7. februar 2008 vert godkjent

# Hemsedal kommune

## Sakshandsaming

**Saknr .:** 11/08  
Arkivsaksnr: 08/362  
Arkivkode:

Saksbehandler:

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 11/08	Kommunestyret	03.04.2008

### ***MELDINGAR***

#### ***Saka blir avgjort av:***

Kommunestyret

#### ***Vedlegg:***

Skatteetaten: Kontrollrapport 2007 vedrørende skatteoppkreverfunksjonen for Hemsedal kommune. Datert 20.02.08.

#### ***Saksopplysningar:***

Som vedlegg.

#### ***Rådmannen si tilråding:***

Kommunestyret har ingen merknader til meldingane

# Hemsedal kommune

## Sakshandsaming

**Saknr .:** 12/08  
Arkivsaksnr: 07/1432  
Arkivkode: 033 &15

Saksbehandler: Anne Marie Storeheier

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 12/08	Kommunestyret	03.04.2008

### ***BARN OG UNGE SIN REPRESENTANT I PLANSAKER - SØKNAD OM FRITAK***

#### ***Saka blir avgjort av:***

Kommunestyret

#### ***Vedlegg:***

Ingen

#### ***Dokument i saka:***

13.11.2007 MELDING OM POLITISK VEDTAK - BARN OG UNGE SIN REPRES... PERIODEN 2007-2011

06.02.2008 BARN OG UNGE SIN REPRESENTANT - TREKKJER SEG SOMREPRESENTANT - JARLE BU

#### ***Saksopplysningar:***

Jarle Bu har sendt brev om at han ønskjer å trekkje seg som barn og unge sin talsmann i plansaker. Det ligg ikkje føre noko begrunning. Ole Petter Espe er vara.

#### ***Vurdering:***

Ved fritak er det naturleg at vara rykkjer opp. Ny vara må difor veljast.

#### ***Rådmannen si tilråding:***

1. Jarle Bu får fritak.
2. Ole Petter Espe rykkjer opp som barn og unge sin talsmann i plansaker for kommunestyreperioden.
3. Som ny vara vert vald.....

# Hemsedal kommune

## Sakshandsaming

**Saknr .:** 13/08  
Arkivsaksnr: 08/215  
Arkivkode: GNRL 223

Saksbehandler: Ola K. Frogner

---

<b>Saksnummer</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Møtedato</b>
PS 19/08	Hovudutval Plan og Ressurs	28.02.2008
PS 13/08	Kommunestyret	03.04.2008

---

<b><i>SPESIELLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET (SMIL). REVIDERING AV TILTAKSSTRATEGI 2008-2011 FOR HEMSEDAL/HALLINGDAL</i></b>
--

### ***Saka blir avgjort av:***

Kommunestyret etter tilråing frå Hovedutval for Plan og Ressurs

### ***Vedlegg:***

TILTAKSSTRATEGI FOR JORDBRUKET  
TILTAKSSTRATEGI FOR SKOGBRUKET

### ***Dokument i saka:***

1. Tiltaksstrategi SMIL og NMSK frå 2004 - 2007
2. Brev frå Fylkesmannen dat. 22.01.2008 vedk. strategiplan for NMSK og SMIL-midler i Buskerud.
3. Møteinnkalling og referat frå høyring og orienteringsmøte på Gol 29. nov. 2007
4. Brev med påminning om frist for innspel dat. 29.11.2007.
5. Innkomne innspel frå: Gol og Hemsedal Bonde og småbrukarlag, Gol Bondelag, Hemsedal Bondelag, Hol Bondelag, Hemsedal landbrukskontor.
6. Tiltaksstrategi SMIL 2008 – 2011.
7. Tiltaksstrategi NMSK 2008 – 2011.

### ***Saksopplysningar:***

Saka gjeld revidering av gjeldande Tiltaksstrategi for jordbruket i Hallingdal (SMIL), og Tiltaksstrategi for skogbruket i Hallingdal (NMSK) 2004 – 2007. Nye tiltaksstrategiar skal gjelde frå 2008 – 2011.

Frå 01.01.2004 fekk kommunane overført vedtaksmynde i fleire oppgåver innan landbruksforvaltninga i kommunane. Dette var for å auke det lokale handlingsrommet, vitaliserer lokaldemokratiet og gje kommunane betre moglegheit til å sjå landbrukspolitikken i samanheng med andre samfunnsoppgåver. I samband med denne overføringa av mynde fekk kommunane ansvar for å utarbeide overordna retningslinjer (tiltaksstrategi) for prioritering og tildeling av spesielle miljøverkemiddel i sin kommune.

Hallingdalskommunane ynskte i 2003 å gå saman om ein felles tiltaksstrategi for jordbruket og skogbruket i Hallingdal. Hallingskog fekk i oppgåve å utarbeide forslag til tiltaksstrategi for skogbruket, og det vart sett ned ei arbeidsgruppe for jordbruket med representantar frå bondelag, bonde- og småbrukarlag og landbrukskontora i Hallingdal som utarbeida framlegg til felles tiltaksstrategi for jordbruket. Kvar kommune vedtok så sin eigen tiltaksstrategi i 2003, med utgangspunkt i at denne skulle vera lik for kommunane i Hallingdal. Noko av målet med ein felles strategi for Hallingdal var at kommunane ved likt regelverk kunne kanalisere midlar til dei andre kommunane i Hallingdal eit år det er lite søknadar i ein kommune, og mange i ein annan. Slik kunne vi behalde tilskotsmidlane innad i Hallingdal.

Kommunane i Hallingdal har noko ulik praksis om kven som vedtek fordeling av midlane utifrå innkomne søknadar. Det er formannskapet, eit eige SMIL utval, eller det er delegert til administrasjonen å prioritere og fordele midlar.

SMIL-utvala består av to frå fagлага (bondelag og småbrukarlag) ein polititar, og to frå kommuneadministrasjonen. Det er to søknadsomgangar, 1. april og 1. oktober kvart år med påfylgjande møter og tildeling av midlar. Gjeldande tiltaksstrategiar utarbeida i 2003 er frå 2004 – 2007. Dei er gått ut og nye reviderte tiltaksstrategiar må vedtakast. Dei skal fylgje kommunestyreperioden, og gjelde i tidsrommet 2008 – 2011.

Landbrukskontora i Hallingdal (jord og skog) kalla inn fagлага til eit drøftingsmøte i november 2007. Her vart det gått gjennom korleis midlane har vore brukt i perioden 2004 til 2007, og det vart bedt om innspel på endringar i tiltaksstrategien viss det var ynskje om dette. Det vart og oppmoda om å koma med framlegg til eventuelle endringar innan 21. januar 2008. Det vart sendt ut eit ekstra brev i desember til landbruksorganisasjonane med påminning om denne høyringsfristen. Dei landbrukstilsette har hatt oppe til drøfting eventuelle endringar av tiltaksstrategien på møter i sine fora.

### ***Forhold til overordna plan:***

Føringar for korleis kommunen kan bruke midlane finn ein i:

- Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket., tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket og tilskot til skogbruksplanlegging med miljøregistreringar, datert 16.02.2004.
- Rundskriv frå Statens landbruksforvaltning om: ” Kommentarer til forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket”, datert 02.03.2004.

Lokalt vil det i hovudsak vera kommuneplan og Handlingsplan for landbruket som kan legge føringar for tiltak under denne ordninga, samt registrering av biologisk mangfold i kommunane.

### ***Miljøkonsekvensar:***

Tiltaksplanane for jord- og skogbruket er viktige for å ta vare på kulturlandskapet, stimulere til aktiv landbruksdrift og hindre forureining.

### ***Økonomiske konsekvensar:***

Kvar Hallingdalskommune får tildelt eit beløp frå Buskerud Fylke fordelt på tiltak i jord og skog basert på kommunen sitt aktivitetsbudsjett, og historisk bruk av midlar.

### ***Vurdering:***

Det er ut frå tiltaksstrategien aktuelt å gje stønad til:

Skogbruk:

- Skogkulturtiltak
- Tilskot til særlege miljøomsyn
- Andre nærings og miljøtiltak
- Skogvegbygging
- Tilskot til skogplanlegging

Jordbruk:

- Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt (områdetiltak)
- Kulturlandskapstiltak
- Forureiningstiltak
- Informasjonsmidlar

### **Skogbruk:**

For Hallingdal har HallingSkog utarbeida forslag til tiltaksstrategi som er felles for heile Hallingdal. Med i organisasjonen HallingSkog er: leiar i alle skogutvala i Hallingdalskommunane,

Viken skogeierforening v/ skogbruksleiarar, og tilsett i Hallingdal ungskogpleie, alle skogbrukssjefane i Hallingdalskommunane og Fylkesmannens Landbruksavdeling v/ skogsjefen, samt ein representant frå Regionrådet. Ein kan få tilskot til fylgjande:

- Skogkultur
- Vegbygging
- Skogsdrift med taubane og hest
- Prosjekt for å utvikle skogbruket lokalt/regionalt

Det vert vist til vedlagt tiltaksstrategi for meir spesifierte opplysningar om dei ulike områda.

HallingSkog utarbeidar ein fleirårig tiltaksstrategi. I denne vert det fastsett målsetjingar og tilskotssats for kvart enkelt tiltak i perioden. Tilskotssats skal vera lik for alle skogeigarane i Hallingdal. Tiltaksstrategien skal til politisk godkjenning i kvar kommune. Mynde for tildeling av tilskot vert delegert til skogbrukssjef / skogbruksansvarleg.

Fylkesmannen gjer kvart år ei tildeling av midlar til skogbruk. Fordeling av tilskot på ulike tiltak etter tildeling vert gjort av ei gruppe som er sett i hop av alle skogbrukssjefane i

Hallingdal. Disse melder behov for midlar i eigen kommune. Om tildeling av tilskot er mindre enn kva som vart omsøkt, skal skogbrukssjefane rette seg etter signal frå HallingSkog vedrørende prioritering mellom ulike tiltak.

Med omsyn til tilskot til veg, må det setjast ein søknadsfrist. Søknadene vert prioriterte av skogbrukssjefane etter nemnde kriteriar og poengsum. Denne vurderinga vert gjort kvart år, slik at det alltid er dei beste prosjekta som får tilskot. Fylket handsamar søknadar på veg.

Mot slutten av året vert det sett ein frist for innlevering av rekneskapsbilag for alle som er berettiga tilskot. Skogbrukssjefane får då ein oversikt i eigen kommune. Ved eventuelle overskot/underskot på den enkelte skogkulturtiltaksløyving (t.d ungskogpleie), kan dette verte overført mellom kommunane. Det same gjeld for løyving til det enkelte tiltak (t.d. ungskogpleie får frå markberedningsløyvinga). Eit eventuelt overskot/underskot for alle ”skogmidlane” i Hallingdal ved slutten av året, kan samordnast med tilsvarande for jordbruket.

Kommunane er klageinstans for alle vedtak fatta av skogbrukssjefane.

### **Jordbruk:**

Formålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremme natur- og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap og redusere forureininga frå jordbruket utover det som kan forventast gjennom vanleg jordbruksdrift. Prosjekta og tiltaka skal prioriterast ut frå lokale målsetjingar og strategiar.

### **Tiltak som kan få stønad:**

- Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt (områdetiltak)
- Kulturlandskapstiltak (biologisk mangfald, gammal kulturmark, tilgjenge og opplevingskvalitet, kulturminne og kulturmiljø, freda og verneverdige bygningar, andre tiltak)
- Forureiningstiltak (høytørkeanlegg, hydrotekniske anlegg, grøfting, klimaplanting/leplanting/landskapsplanting, vegetasjonssoner, fangdammar og våtmarker, omstillingsstøtte (MOMLE), årleg arealstøtte (MOMLE), utviklingstiltak (MOMLE), andre tiltak for å redusere forureining)
- Informasjonsmidlar

Viser til vedlagte ”Tiltaksstrategi” for opplysningar om prioriteringar, og vegleiane tilskots % på dei ulike tiltaka. Som ein ser ut av vedlagt tiltaksstrategi går det meste av midlane i Hallingdal til kulturlandskapstiltak som beiterydding og liknande, samt restaurering av gamle hus. Det vert og bevilga noko for å fremme tilgjenge og opplevelseskvalitet.

### **Sakshandsamars kommentar;**

Tiltaksstrategien for jordbruket i Hallingdal har fungert godt i den fireårsperioden den har vore i bruk. Det har vore bra med søknadar. Dei fleste åra har ikkje midlane strekt til i forhold til behovet. Faglaga og Landbrukskontora har små ynskjer om endringar då det utifrå bae syn har vore ein godt fungerande ordning.

Desse høringsuttalesane har kome inn:

Gol og Hemsedal Bonde og småbrukarlaget v/ Kjell Borge. Under punkt 4.1 i tiltaksstrategien bør følgjende punkt føyes til: *Tiltak for å auke opplevelseskvaliteten og rekreasjonsverdien.*

Videre: *Det har vist seg at det har vært fleire søknade som ikkje har blitt innvilget fordi det har vært forlite midler. Tilskuddsmidlene bør så langt mulig brukes til konkrete tiltak. En mindre sum til informasjons tiltak, men det ser ut for at ordninga er godt kjent. Vi ser det slik at det vil være et godt tiltak å jobbe for å få økte/ekstra midler frå fylkesmann for å få til gode prosjekter. Det kan være aktuelt å ta av potten viss dette kan føre til ekstra eller økte bevilgninger.*

Sakshandsamar sin kommentar:

Punktet foreslått tatt inn under 4.1 er tatt inn i tiltaksstrategien. Foreslått sum til info. tiltak i jordbruket er foreslått sett til kr 3000,- for kvar kommune.

Gol Bondelag ved leiar Magne Øynebråten. Ein muntleg henvending, dei har hatt tiltaksstrategien oppe på styremøte i Bondelaget, og meinte ordninga fungerer bra som den er idag.

Hemsedal Bondelag v/ Ingrid Jordheim Brenna fremmar fylgjande forslag til justering under punkt 4.5 Hemsedal:

**Under hovudmål, 3. hakepunkt** er det eit ynskje at dette endrast til ”Stimulere til eit aktivt stølsmiljø som i større grad er tilpassa dagens driftsformer.

**Under tiltak, 1. hakepunkt** er det eit ynskje at det vert lagt til ein siste setning.....I tillegg setje større fokus på gjerdehald i samband med utmarksbeiting.

Sakshandsamar sin kommentar:

Som del av tiltaksstrategien for jordbruket er desse innspella med på å forsterke, men også presisere mål og tiltak tilknytta kulturlandskap i høve til gjeldande Landbruksplan vedtatt 28. juni 2007. Sakshandsamar ser ikkje dette som noko problem og har valgt å legge desse innspella inn i pkt. 4.5 i tiltaksstrategien.

Hol Bondelag v/ leiar Aslak Skurdal. *Dei var enige om å auke summen som kan brukast til informasjonsarbeid. Foreslår auke frå kr 2000.- til kr. 3000.- pr kommune.*

*”Me meiner og at kommunen på nytt bør vurdere om det skal opprettast eit eige SMIL-utval i kommunen på lik linje med det ein finn i dei andre Hallingdalskommunane. Når ein då ser på forholdet i medlemstal mellom bondelaget og Småbrukarlaget i kommunen, så synest me det er naturleg at bondelaget er representert med to representantar.”*

Sakshandsamar sin kommentar:

Auke til kr 3000.- som kan nyttast til informasjonsmidlar er tatt inn. Når det gjeld a vurdere å opprette eit eige SMIL- utval så er det slik i Ål, Gol og Hemsedal. I Flå og Nes er det delegert til jordbruksjefen å fordele midlane. Om Hol vil endre på dette må vurderast av Hol kommune.

Innspel frå Landbruksforvaltninga i Hemsedal. Det er ynskje om å kunne nytte meir av det årlege tilskotet til informasjonsmidlar. Det vert foreslått kr 5000.- i kvar kommune.

Sakshandsamar sin kommentar:

Bakgrunnen for administrasjonen sitt forslag var nettopp ønske om å køyre ein tyngre prosess for å stimulere til eit tettare samarbeid mellom landbruk, reiseliv og kommune, så lenge ein fortsatt ser at attgroinga aukar. For å sette dette i perspektiv er kr. 3.000,- knapt ein annonse i Hallingdølen. Problemstillinga vart etter høyringsfristen drøfta på jordbrukssjefssamlinga. Det vart likevel bestemt å foreslå ein auke på kr. 1000,- (til kr. 3.000,-) i informasjonsmidlar i kvar kommune. Forslaget er bygd på vurdering i forhold til innkomne innspel.

**Konklusjon:**

Tiltaksstrategien i jord og skogbruket, og revideringa av denne, er gjort i samarbeid mellom næringa og landbrukskontora i Hallingdal. Det er ikkje ynskje om store endringar. Det virkar å vera einigheit om at det ikkje er grunn til å endre mykje på ein ordning som fungerer godt. Tiltaksstrategien er derfor oppjustert på statistikk og totalsum som kan brukast til infomidlar er auka frå kr 2000.- til kr 3000.-. Elles er det små endringar / oppdateringar.

Sakshandsamar tilrår å vedta tiltaksstrategien for jordbruket (SMIL) og skogbruket (NMSK) som dei ligg føre, men kvar kommune står fritt til å vedta endringar dei måtte sjå som naudsynt.

**Rådmannen si tilråding:**

Utval for Plan og Ressurs rår kommunestyret å vedta ”Tiltaksplan for skogbruket i Hallingdal 2008 - 2011” og ”Tiltaksplan for jordbruket i Hallingdal 2008 - 2011” slik dei ligg føre.

I samsvar med forslag til tiltaksstrategi for skogbruket delegerer Kommunestyret til lokal skogbrukssjef / skogbruksforvaltar å gjere vedtak på spesielle miljøverkemiddel i skogbruket. Skogbrukssjef / skogbruksforvaltar handsamar også evt. klage før den vert sendt over til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

SMIL-utvalet består av to frå faglaga (bondelag og småbrukarlag) ein politiskar, og to frå kommuneadministrasjonen. XXXXXXXX vert valt som politisk representant.

I samsvar med forslag til tiltaksstrategi for jordbruket delegerer Kommunestyret til det lokale "SMIL-utvalet" å gjere vedtak på spesielle miljøverkemiddel i jordbruket. "SMIL-utvalet" handsamar også evt. klage før den vert sendt over til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Kommunen sitt SMIL- medlem

Tiltaksstrategiane vert oversendt Fylkesmannen i Buskerud til orientering / godkjenning.

**Handsaming/vedtak i Hovudutval Plan og Ressurs den 28.02.2008 sak 19/08**

**Handsaming:**

Hovudutvalet fremja forslag om at Pål Terje Rørby vert valt som politisk representant.

Innstilling, samt omforeint framlegg vedteken. Samrøystes.

**Vedtak:**

Hovudutval for Plan og Ressurs si innstilling til kommunestyret:

Hemsedal kommunestyre vedtar ”Tiltaksplan for skogbruket i Hallingdal 2008 - 2011” og ”Tiltaksplan for jordbruket i Hallingdal 2008 - 2011” slik dei ligg føre.

I samsvar med forslag til tiltaksstrategi for skogbruket delegerer Kommunestyret til lokal skogbrukssjef / skogbruksforvaltar å gjere vedtak på spesielle miljøverkemiddel i skogbruket. Skogbrukssjef / skogbruksforvaltar handsamar også evt. klage før den vert sendt over til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

SMIL-utvalet består av to frå faglaga (bondelag og småbrukarlag) ein politiskar, og to frå kommuneadministrasjonen. Pål Terje Rørby vert valt som politisk representant.

I samsvar med forslag til tiltaksstrategi for jordbruket delegerer Kommunestyret til det lokale "SMIL-utvalet" å gjere vedtak på spesielle miljøverkemiddel i jordbruket. "SMIL-utvalet" handsamar også evt. klage før den vert sendt over til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Kommunen sitt SMIL- medlem Pål Terje Rørby

Tiltaksstrategiane vert oversendt Fylkesmannen i Buskerud til orientering / godkjenning.

---

Etter handsaming i Hovudutval for Plan og Ressurs er det komme forslag gjennom interkommunalt samarbeid om å legge inn eit nytt punkt i ”Tiltaksstrategien for jordbruket i Hallingdal”:

Nytt pkt 5.2.2.6

Investerings tiltak som fremmar organisert beitebruk Tilskot kan gjevast til alle typer tiltak som fremmar beitebruken i eit område. Tiltak i regi av beitelag vert prioritert. Det kan gis inntil 50% tilskao av godkjent kostnadsoverslag.

Noverande punkt 5.2.2.6 ”Andre tiltak” vert nytt punkt 5.2.2.7

# Hemsedal kommune

## Sakshandsaming

**Saknr .:** 14/08  
Arkivsaksnr: 08/104  
Arkivkode: A11 &32

Saksbehandler: Harald Sundsøy

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 6/08	Hovudutval for Livsløp	28.02.2008
PS 14/08	Kommunestyret	03.04.2008

### **BEHOVSUNDERSØKING OM UTVIDA OPNINGSTID I BARNEHAGANE**

#### ***Saka blir avgjort av:***

Kommunestyret.

#### ***Vedlegg:***

1. Uttale frå dei pedagogiske leiarane ved Tuv og Ulsåk barnehagar.

#### ***Dokument i saka:***

1. Brukarundersøkinga
2. Uttale frå SU-Ulsåk barnehage
3. Uttale frå SU-Tuv barnehage
4. K-sak 55/03
5. Vedtekter for barnehagane i Hemsedal kommune

#### ***Saksopplysningar:***

Hausten 2007 kom det spørsmål frå Foreldreutvalet (FAU) ved Ulsåk barnehage om utvida opningstid.

Opningstida ved begge barnehagane er i dag frå kl. 7.30 til 16.30.

Kommunen sende i november / desember 2007 ut spørjeskjema vedrørande behov / ønskje om utvida opningstid ved kvar av barnehagane.

Talet på barn i Ulsåk barnehage er 60.

Talet på barn i Tuv barnehage er 54.

Alle svar på behovsundersøkinga kom inn i løpet av desember 2007.

Undersøkinga tek utgangspunkt i arbeidstid til mor / far, variabel arbeidstid, reisetid mor / far barnehage / arbeidsplass. Vidare etterspør undersøkinga kva ønskje om opningstid kvar familie

har ; eksempel på dette er: ”auke morgon / auke ettermiddag / auke morgon og ettermiddag / kortare dag / som i dag.

Det er 54 barn ved Tuv barnehage og 60 barn ved Ulsåk barnehage, totalt 114 barn.

For Tuv barnehage viser undersøkinga viser dette:

Det er kome inn svar frå 46 av 54 barn.


Av desse har 28 svara at dei ønskjer å oppretthalde opningstida som i dag og 3 ønskjer kortare opningstid enn dag. 8 barn har behov for opningstid på grunn av arbeidstid og reise. 7 barn har andre grunnar enn arbeidstid og reise.

For Ulsåk barnehage viser undersøkinga viser dette:

Det er kome inn svar frå 45 av 60 barn.

Av desse har 22 svara at dei ønskjer å oppretthalde opningstida som i dag og 2 ønskjer kortare opningstid enn dag. 5 barn har behov for opningstid på grunn av arbeidstid og reise. 12 barn har andre grunnar enn arbeidstid og reise. Der arbeidstid og reise ikkje er oppgitt, har 4 barn behov for utvida opningstid.

Tabellen under viser foreldra sine forskjellige behov / ønskje for opningstid i Tuv og Ulsåk barnehagar. Om lag 28% av foreldra totalt ønskjer/har behov for utvida opningstid.



### ***Forhold til overordna plan:***

Barnehageplan 2006-2010.

### ***Miljøkonsekvensar:***

Ikkje vurdert.

### ***Økonomiske konsekvensar:***

Utviding med 15 min om morgonen frå kl.7.15 og om ettermiddag til kl. 16.45, inneber at utviding av ½ time ekstra ved kvar avdeling i løpet av dagen. På grunn av at barnehagane per

i dag har avdelingar i forskjellige hus vil dette utgjere 1 ½ time per dag eller 7,5 timar per veke per barnehage.

Den utvida opningstida inneber ein auke på 40 % assistentstilling, 20 % ved kvar barnehage, totalt med kr. 131.200. Midlane må sjåast i samanheng med Økonomiplanen.

Ein 5 dagars plass kostar kr. 25.630 per år. Utvida opningstid med 15 minuttar morgon og ettermiddag vil til samanlikning utgjere foreldrebetaling for 5 heildagsplassar i året. Barnehagane blir statsfinansiert med midlar for 45 timar per veke. Dersom opningstida blir utvida utover 9 timar per dag, vil ikkje dette resultere i meir statsstøtte.

### ***Vurdering:***

SU ved Tuv barnehage opplever at dei fleste er nøgde med dagens opningstid og ønskjer inga endring.

Likevel viser behovsundersøkinga at 8 barn har behov for opningstid på grunn av arbeidstid og reise. 7 barn har andre grunnar enn arbeidstid og reise.

Ved Ulsåk barnehage viser behovsundersøkinga at 5 barn har behov for opningstid på grunn av arbeidstid og reise. 12 barn har andre grunnar enn arbeidstid og reise. Der arbeidstid og reise ikkje er oppgitt, har 4 barn behov for utvida opningstid.

SU ved Ulsåk barnehage konkluderer med at opningstida ved barnehagen bør utvidast med 15 minuttar morgon og ettermiddag under føresetnad av auka bemanning. Su meiner også at det kan vurderast om behovsprøving av utvida tid etter søknad.

På grunnlag av resultatet i undersøkinga er det rimeleg å vurdere tre alternativ.

- a) Utvide opningstida ved ein av barnehagane.
- b) Utvide opningstida ved begge barnehagane.
- c) Oppretthalde dagens opningstid.

I kommunestyresak 55/03 av 20.6.03 heiter det at "Ved barnehageopptaket skal ein ta omsyn til at ungane skal halde fram i skulen der dei har gått i barnehagen, same oppvekstsenter." Ved val av alternativ a vil dette likskapsprinsippet ikkje bli ivareteke.

Alternativ b tek høgde for behovet / ønsket til foreldra som er kome fram i undersøkinga. Alternativet stettar likskapsprinsippet for oppvekstsentertanken.

Ei utvida opningstid med 15 minuttar morgon og ettermiddag utgjer dagleg opningstid på 9,5 time. Barna si anbefalte opphaldstid i barnehage skal ikkje vere meir enn 9 timar dagleg. Etter at ei eventuell endring til 9,5 timar må det takast høgde for slik anbefaling ved opptaket.

Av dei som har svara på behovsundersøkinga ønskjer om lag 28% utvida opningstid. Dette inneber at fleirtalet av foreldra vel dagens tilbod.

Val av alternativ c inneber at kommunen ikkje kan imøtekomme ein del av behova og ønskje som er framkomme i undersøkinga.

Alternativ b peikar seg ut til fordel for foreldra sine behov. Ei utvida opningstid bør setjast i verk når dei nye avdelingane ved barnehagane er innflyttingsklare.

Punkt 6 i vedtektene må justerast i samband med endring av opningstida.

**Rådmannen si tilråding:**

Opningstida i Tuv og Ulsåk barnehagar blir utvida til 9,5 timar per dag, 15 min om morgonen og 15 min om ettermiddagen.

Utvidinga av opningstida vil gjelde når dei nye avdelingane ved barnehagane er innflyttingsklare.

Punkt 6 i vedtektene må justerast i samband med endring av opningstida.

Den utvida opningstida inneber ein auke på 40 % assistentstilling, 20 % ved kvar barnehage, årleg kostnad med kr. 131.200. Midlane må sjåast i samanheng med Økonomiplanen.

**Handsaming/vedtak i Hovudutval for Livsløp den 28.02.2008 sak 6/08**

**Handsaming:**

*Omforeint framlegg:*

Opningstida ved Tuv og Ulsåk barnehagar blir oppretthalden som i dag.

Omforeint framlegg vedteken. Samrøuystes.

**Vedtak:**

Hovudutval for Livsløp si innstilling til kommunestyret:

Opningstida ved Tuv og Ulsåk barnehagar blir oppretthalden som i dag.

# Hemsedal kommune

## Sakshandsaming

**Saknr .:** 15/08  
Arkivsaksnr: 07/1606  
Arkivkode: 047 M5

Saksbehandler: Line Dahl

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 14/08	Hovudutval Plan og Ressurs	28.02.2008
PS 15/08	Kommunestyret	03.04.2008

### **RETNINGSLINJER FOR HANDSAMING AV SØKNAD OM FRITAK FOR RENOVASJONSAVGIFT**

#### ***Saka blir avgjort av:***

Kommunestyret

#### ***Vedlegg:***

Framlegg til retningslinjer for behandling av søknad om fritak for renovasjonsavgift

#### ***Dokument i saka:***

#### ***Saksopplysningar:***

Hushaldningar, fritidsbustader og andre som genererer hushaldningsavfall er underlagt lovpålagt renovasjon, det vil sei at dei må vera knytt til den kommunale ordninga og minimum betale ein minstesats.

Forureiningslovens § 30 andre ledd gjev likevel heimel for kommunen til; ”etter søknad unnta enkelte eigedommar” frå innsamlingsordninga. Dette er det også opna for i lokal forskrift om avfallsbehandling § 4.

#### ***Forhold til overordna plan:***

Ingen

#### ***Miljøkonsekvensar:***

Betre rutiner for behandling av søknader om fritak for pliktig renovasjonsordning vil føre til at avgjersle vert teke på eit meir korrekt grunnlag. Ein vil dermed, i større grad unngå at det vert gitt ”feilaktige fritak” til eigedommar, og at avfall frå desse eigedommane vert handtert feil.

***Økonomiske konsekvensar:***

Betre rutiner for behandling av søknader om fritak for renovasjonsavgift vil kunne føre til meir effektiv handsaming av desse søknadane. Vidare vil det kunne føre til ein reduksjon i gebyrinntektene fordi mange av abonnentane oppfyller vilkåra for fritak. Sett frå den andre sida vil det verte større likebehandling av søknadane og ein oppnår at dei som faktisk skal betale gebyr for avfallet sitt, må betale.

***Vurdering:***

Det kan virke urimelig dersom fråflytta eigedommar må betale fullt avfallsgebyr. I tråd med prinsippet om at forureinar skal betale, må kommunen ha mogelegheit til å frita eller fastsetje nedsett avfallsgebyr for permanent fråflytta eigedommar. Dette er det opp til kommunen sjølv å vurdere. Sivilombudsmannen har likevel i ombodsmannens årsmelding for 1983, s. 71 vurdert det slik, at fråflytta eigedommar må falle utanfor renovasjonsordninga i sin heilhet, og at slike eigedommar derfor bør få fritak for gebyr.

Det kan likevel oppstå vanskelege bevismessige vurderingar når det skal avgjerast om ein eigedom er permanent fråflytta. For eksempel kan fråflytta heilårsbustader takast i bruk som feriehus delar av året. Utgangspunktet må være at det er tilgang for kommunen til i det minste å fastsetje eit nedsett avfallsgebyr for eigedommen, med mindre det er relativt sikkert at eigedommen er permanent fråflytta.

Kommunen ynskjer likevel ikkje å opne opp for diffrensiering eller gebyrreduksjon når det gjeld bruken av bustad/fritidsbustad.

Dersom ein bustad er midlertidig ubebudd, kan abonnenten også etter forureiningslova få fritak frå gebyr. Nokre kommunar set eit minstekrav til antall månader bustaden må vera ubebudd før det kan gis gebyrfritak. Gebyrfritaket bør setjast for eit maksimalt antall månader av gangen.

For å få til ein effektiv og mest mogleg lik behandling av søknader om fritak frå renovasjonsordninga, tilrår administrasjonen at vedlagte retningslinjer for behandling av søknader om fritak vert vedtatt. Desse retningslinjene vil vera å sjå på som ein instruks for vedkommande etat som til ein kvar tid er delegert mynde etter forureiningslova § 30.

***Rådmannen si tilråding:***

Med bakgrunn i forskrift om avfallsbehandling § 4 jf forureiningslova § 30 andre ledd, og vurderinga ovanfor, vedtek hovedutval for Plan og Ressurs retningslinjer for behandling av søknader om fritak frå renovasjonsordning. Retningslinjene vert gjort gjeldande frå vedtaksdato.

## **Handsaming/vedtak i Hovudutval Plan og Ressurs den 28.02.2008 sak 14/08**

### **Handsaming:**

*Hovudutval for Plan og Ressurs fremja følgjande omforente forslag til endring av retningslinene.*

### **Boliger:**

Under "Eget bruk", pkt. a vert det stilt krav om fysisk endring av leiligheten.

#### **Ny tekst i pkt. a vert som følgjer.**

For boliger som har leilighet/hybler for utleie, men vil gå over til å benytte hele huset til eget bruk, kan på vilkår om at det vert gjort fysiske endringar av leiligheten, søke om fritak for renovasjonsordningen og gebyrplikta for bruksenheten som tidlegare vart leigd ut.

b. Endres frå 6 mnd til 1 år

c. Endres frå 6 mnd til 1 år

d. Endres frå 6 mnd til 1 år

### **Hytter:**

Avstand, pkt. C vert tatt ut av retningslinene.

Innstilling, samt omforeint framlegg vedteken. Samrøystes.

### **Vedtak:**

Hovudutval for Plan og Ressurs si innstilling til kommunestyret:

Med bakgrunn i forskrift om avfallsbehandling § 4 jf forureiningslova § 30 andre ledd, og vurderinga ovanfor, vedtek Hemsedal kommunestyre retningslinjer for behandling av søknader om fritak frå renovasjonsordning. Retningslinjene vert gjort gjeldande frå vedtaksdato.

### **Endringar:**

### **Boliger:**

Under "Eget bruk", pkt. a vert det stilt krav om fysisk endring av leiligheten.

**Ny tekst i pkt. a vert som følger.**

For boliger som har leilighet/hybler for utleie, men vil gå over til å benytte hele huset til eget bruk, kan på vilkår om at det vert gjort fysiske endringar av leiligheten, søke om fritak for renovasjonsordningen og gebyrplikta for bruksenheten som tidlegare vart leigd ut.

b. Endres frå 6 mnd til 1 år

c. Endres frå 6 mnd til 1 år

d. Endres frå 6 mnd til 1 år

**Hytter:**

Avstand, pkt. C vert tatt ut av retningslinene.

# Hemsedal kommune

## Sakshandsaming

**Saknr .:** 16/08  
 Arkivsaksnr: 07/1083  
 Arkivkode: L12 &01

Saksbehandler: Ragnhild Halbjørhus

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 65/07	Formannskapet	21.08.2007
PS 64/07	Kommunestyret	30.08.2007
PS 16/08	Kommunestyret	03.04.2008

### ***UTBYGGINGSAVTALE HEMSEDAL INFRASTRUKTUR AS***

#### ***Saka blir avgjort av:***

Kommunestyret.

#### ***Vedlegg:***

30.08.2007 MØTEBOK HEMSEDAL KOMMUNESTYRE SAK 64/07.  
 25.10.2007 UTBYGGINGSAVTALE M/ VEDLEGG

#### ***Dokument i saka:***

30.08.2007 MØTEBOK HEMSEDAL KOMMUNESTYRE SAK 64/07.  
 02.10.2007 HEMSEDAL FJELLANDSBY - UTBYGGINGSAVTALE  
 20.12.2007 ANNONSE KUNNGJERING UTBYGGINGSAVTALE  
 22.01.2008 MERKNAD – ODD-HARALD ANDERDAL  
 25.01.2008 MERKNAD - HEMSEDAL IDRETTSLAG  
 28.01.2008 MERKNAD- UTBYGGINGSAVTALE HEMSEDAL INFRASTRUKTUR AS  
 24.01.2008 MERKNAD JONNY GJESTAD M.FL.  
 01.02.2008 MERKNAD- KJELL-ERIK HAUG  
 05.02.2008 MERKNADER BUSKERUD FYLKESKOMMUNE  
 27.02.2008 MERKNADER FRÅ STATENS VEGVESEN

#### ***Saksopplysningar:***

Kommunestyret behandla saka fyrste gong i sak 64/07, og gjorde der vedtak om legge avtalen ut til offentlig ettersyn i samsvar med plan og bygningslova. Førebels avtale vart underteikan 25.10.07. Denne avtalen vart lagt ut til offentlig ettersyn i tida 22.12.07-31.01.08. Det er kome inn 7 merknader.

***Forhold til overordna plan:***

I samsvar med kommuneplanen.

***Miljøkonsekvensar:***

Ikkje vurdert.

***Økonomiske konsekvensar:***

Vurdert tidlegare

***Vurdering:***

Av innkomne merkander vurderer saksbehandlar at desse ikkje direkte omhandlar sjølve avtalen, men går meir på løysingar og praktisk gjennomføring av tiltaka. Fleire av partane har stilt spørsmål eller nemnd avlastingsveg mellom Holdebakken og Trøim sentrum. Endeleg løysing for denne parsellen må avklarast gjennom sluttbehandling av reguleringsplanen for Totteskogen og nedfart Trøim sentum. Etter at desse planen er vedteke må vedlegga til utbyggingsavtalen reviderast i samvar med reguleringsvedtaka. Administrasjonen rår difor til at fremlagte utbyggingsavtale vert vedteke slik den ligg føre, men presiserer at vedlegga må reviderast når det er gjort vedtak i dei to nemnde reguleringssakene.

***Rådmannen si tilråding:***

Hemsedal kommunestyre vedtek utbyggingsavtale mellom Hemsedal Infrastruktur AS og Hemsedal kommune dagsett 25.10.07.

# Hemsedal kommune

## Sakshandsaming

**Saknr .:** 17/08  
Arkivsaksnr: 08/339  
Arkivkode: 026 &10

Saksbehandler: Gabriel Johannessen

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 21/08	Formannskapet	26.03.2008
PS 17/08	Kommunestyret	03.04.2008

<b><i>FELLES INNKREVJINGSKONTOR-JUSTERING AV AVTALE / VEDTEKTER</i></b>
---

### ***Saka blir avgjort av:***

Kommunestyret

### ***Vedlegg:***

Revidert avtale

### ***Dokument i saka:***

Ingen ut over tidlegare saksdokument

### ***Saksopplysningar:***

Kommunestyret i Hemsedal gjorde i 2004 vedtak om å etablere felles innkrevingskontor for Hallingdal saman med dei øvrige 5 Hallingdalskommunane. I same møte hausten 2004 vedtok kommunestyret vedtekter for innkrevingskontoret.

Dei øvrige kommunane har fatta likelydande vedtak. Innkrevingskontoret vart oppretta med verknad frå 1. desember 2004 med Gol kommune som vertskommune.

Avtala og vedtekter for styret ble utforma på bakgrunn av det lovverk som var gjeldande på vedtakstidspunktet.

Formelt ligg innkrevingskontoret under rådmannen i Gol, men med eget styre bestående av ein kommunestyreoppnemnt medlem frå kvar kommune.

Etter endring i kommuneloven frå 1. januar 2007 er det no mogleg å delegere forvaltningsmynde til eit interkommunalt organ med felles folkevalt nemnd.

Forslaget til revisjon av avtala er basert på gjeldande avtale og vedtekt, gjeldande kommunelov og særlov.

Kommunen sitt ansvar for innkreving etter skattebetalingslova, innkreving og sikring av kommunale krav etter særlov samt regnskapskontroll i bedriftene må delegerast frå kommunestyret til felles folkevalt nemnd.

For å ivareta rettssikkerheita skal det òg oppnemnast felles klagenemnd med eitt medlem med vara frå kvar deltakande kommune. Klagenemnda konstituerar seg sjølv.

Etter Forvaltningslova § 28, fyrste lekken skal klagenemnda behandle slike klager:

*Enkeltvedtak kan påklagast av ein part eller annan med rettsleg klageinteresse i saka til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmast overordna det forvaltningsorgan som har treft vedtaket (underinstansen).*

Avtala er drøfta i rådmannsutvalet og sendt til styret for Innkrevingskontoret for høyring.

### ***Forhold til overordna plan:***

Ikkje vurdert

### ***Miljøkonsekvensar:***

Ikkje vurdert

### ***Økonomiske konsekvensar:***

Tal medlem i felles folkevalt nemnd er det doble av noverande styremedlemmer. Møter i klagenemnda inneber møtegodtgjersle. Det vil slå ut i noe høgare møtegodtgjersle. Rådmannen føreset at desse meirutgiftene vert dekt innafor vedtekne rammer for tenesta.

### ***Vurdering:***

Forslaget til revidering av avtala endrar ikkje det materielle innhaldet. I tillegg er det tatt inn relevante delar av vedtektene for styret slik at ein berre får eitt dokument å halde seg til for ettertida.

Delegering til felles folkevalt nemnd er ein stadfesting av tidlegare fatta vedtak, og vil ikkje føre til reelle endringar.

Oppretting av spesiell klagenemnd er nytt. Erfaringane frå den etablerte klagenemnda syner at klager innafor innkrevingsområdet sjeldan skjer.

Formannskapet er tidlegare orientert om saka, men handsaminga har vorte utsett i påvente av uttale frå styret ved Innkrevingskontoret.

Rådmannen har mottatt slik uttale og avtaleforslag som ligg vedlagt saksutgreiinga:

” Vedlagt følger styret sitt forslag til ny samarbeidsavtale, behandlet i styremøte 25.01.2008.

*"SAMARBEIDSAVTALE/VEDTEKTER*

*Samarbeidsavtale/vedtekter ble gjennomgått og kommentert, jfr. utkast mottatt fra Gol Kommune ved brev av 23.11.2007.*

*Samarbeidsavtalen er tilpasset ny § 28 a-k i Kommuneloven.*

*Dette fører bl.a. til at felles folkevalgt nemnd skal bestå av to representanter og to varamedlemmer fra hver av deltakerkommunene og må behandles i deltakerkommunenes kommunestyre.*

*Utkast til forslag sendes medlemmene i folkevalgt nemnd med frist til onsdag 30.1.2008 kl. 12.00 for eventuelle kommentarer. Etter fristens utløp sendes forslag til ny samarbeidsavtale til rådmennene i deltakerkommunene."*

*Styreleiar Oddvar Grøthe har kommet med følgende kommentar:*

*Når dette blir oversendt rådmannsutvalet for handsaming bør det vera med nokre linjer som forklarar endringsforslaga frå styret:*

*Me meiner varamedlemmer i nummerert rekkefylgje er ein fordel, dei er vara for begge medlemmene og betrar kontinuiteten i styret.*

*Me trur ikkje det er klokt å skifte leiar og nestleiar midt i perioden berre for å få ei rullering mellom kommunane. Her er det kva som er best for styret som må telle mest.*

*Det er ikkje nødvendig å kople oppstartvilkår inn i avtala no. Kontoret har fungert i 4 år og personaltilpassningane er gjort.*

*Dette med å levere eit budsjett som byggjer på budsjetttrundskriv frå 6 kommunar går ikkje med mindre desse er like. Innkrevningskontoret må koma med budsjettframlegg som byggjer på kva eigarene vil ha-avtala- og føringar frå vertskommunen.*

*En ber om at samarbeidsavtalen blir behandlet i det enkelte kommunestyre.*

*Felles innkrevingskontor for Hallingdal*

*for Gerd Svantesvold*

*daglig leder i denne sitt fravær*

*Leif Engene "*

**Rådmannen si tilråding:**

1. Revidert avtale om Felles innkrevingskontor i Hallingdal blir godkjent.
2. Hemsedal kommune sitt ansvar som er pålagt i Lov om betaling og innkreving av skatt av 21. november 1952 nr 2 med tilhøyrande forskrift og instruksar, og Instruks for skatteoppkrevjarar fastsett av Skattedirektoratet 2. mai 2000, unntatt § 42, blir i sin heilskap delegert til Felles folkevalt nemnd for Innkrevingskontoret i Hallingdal.

3. Kommunen sin kompetanse til å drive inn og sikre kommunale krav med legalpant eller inkasso etter særlov vert delegert til Felles folkevalt nemnd for Innkrevingskontoret i Hallingdal.
4. Som Hemsedal kommune sine medlemmer i folkevalt nemnd blir valt  
medlem: ..... varamedlem 1: .....  
medlem: ..... varamedlem 2: .....
5. Som Hemsedal kommune sitt medlem i klagenemnda blir valt  
medlem: ..... varamedlem:
6. Vedtaket blir gjennomført så snart alle deltakande kommunar har fatta likelydande vedtak.

### **Handsaming/vedtak i Formannskapet den 26.03.2008 sak 21/08**

#### **Handsaming:**

Innstilling vedteken. Samrøystes.

#### **Vedtak:**

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

1. Revidert avtale om Felles innkrevingskontor i Hallingdal blir godkjent.
2. Hemsedal kommune sitt ansvar som er pålagt i Lov om betaling og innkreving av skatt av 21. november 1952 nr 2 med tilhøyrande forskrift og instruksar, og Instruks for skatteoppkrevjarar fastsett av Skattedirektoratet 2. mai 2000, unntatt § 42, blir i sin heilskap delegert til Felles folkevalt nemnd for Innkrevingskontoret i Hallingdal.
3. Kommunen sin kompetanse til å drive inn og sikre kommunale krav med legalpant eller inkasso etter særlov vert delegert til Felles folkevalt nemnd for Innkrevingskontoret i Hallingdal.
4. Som Hemsedal kommune sine medlemmer i folkevalt nemnd blir valt  
medlem: ..... varamedlem 1: .....  
medlem: ..... varamedlem 2: .....
5. Som Hemsedal kommune sitt medlem i klagenemnda blir valt  
medlem: ..... varamedlem:
6. Vedtaket blir gjennomført så snart alle deltakande kommunar har fatta likelydande vedtak.

# Hemsedal kommune

## Sakshandsaming

**Saknr .:** 18/08  
 Arkivsaksnr: 08/329  
 Arkivkode: 145

Saksbehandler: Oddvar Grøthe

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 1/08	Økonomiutvalget	26.03.2008
PS 18/08	Kommunestyret	03.04.2008

### **ØKONOMIPLAN 2008-2011 – AUKE AV INNTEKTER**

#### ***Saka blir avgjort av:***

Kommunestyret

#### ***Vedlegg:***

Ingen

#### ***Dokument i saka:***

#### ***Saksopplysningar:***

Hemsedal kommunestyre vedtok i sak 139/07 budsjett for 2008 og økonomiplan for 2008-2011. Dette er eit stramt budsjett der ein ville vidareføre det tenestenivået me har og vil ha.

Budsjettet 2008 med økonomiplan la ”grøn bok” for statsbudsjett 2008 til grunn for inntekter for åra 2008-2011 redusert med 0,5 mill på grunn av høg skatteandel. Revidert ”grøn bok” kjem i samband med revidert nasjonalbudsjett i mai, men prognose me har no som bygger på i folketal og alderssamansetting, seier at me har budsjettert med 7,9 mill for høge inntekter på skatt og rammetilskot. Dette må me gripe fatt i no.

KS har synleggjort gjennom tal frå SSB at grunnlaget for Statsbudsjettet med rammer til kommunesektoen ikkje stemmer. Løns- og prisveksten i 2007 deflator er 0,7% høgare enn finansdepartementet sine tal, og det var bortfall av skatteinntekter på 1,25 mrd i høve finansdepartementet si prognose. Dette utgjer nærare 3 mrd for kommunane, noko som etter KS sitt syn må kompenseras i revidert nasjonalbudsjett. Dette vil gje Hemsedal ein auke på 1,5 – 2 mill. Dette vil me ikkje få veta før i mai.

Eit anna spenningsmoment er om Sørheimutvalet si innstilling til endringar av inntektssystemet blir innarbeidd frå og med 2009. Det vil føre til reduksjon i ramme for Hemsedal. Renteutviklinga er ei anna usikkerheit. Med stor gjeld er renteutviklinga av stor betydning. Kva som skjer med merverdiavgiftkompensasjonsordninga veit me ikkje sikkert.

Det er sett i gang prosess for å redusere driftsutgifter i 2008 og vidare framover. Dette må gjerast samstundes som kommunen må auke inntektene sine utover det statsbudsjettet vil gje oss.

Det er to inntektsmoglegheiter som kan gje dei nødvendige inntektene. Det eine er å innføre eigedomsskatt for heile kommunen, den andre er å utnytte andelskrafta/konsesjonskrafta på ein annan måte enn i dag. Formannskapet har prioritert den siste som det alternativet som skal vurderast fyrst.

Formannskapet ser det som nødvendig å setja i gang vurderingar alt no for å kunne gjera endeleg vedtak i samband med revidering av budsjett og økonomiplan i juni.

Hemsedal har ca 50 GWH i andels- og konsesjonskraft. Denne krafta har ein stor verdi. Hemsedal kommune har fram til i dag prioritert at denne verdien er brukt til hemsedalsamfunnet som billeg straum. Det er mykje som har endra seg i straummarkedet dei siste åra, og tida er moden for å vurdere dette i full breidde no. Innan 1. juni skal det leggjast fram ei sak for handsaming i junimøtet i kommunestyret, der ein får lagt fram alternative utnytingar av konsesjonskrafta og drift av Hemsedal Energi.

### **Rådmannen si tilråding:**

Hemsedal kommunestyre ber om at det blir lagt fram ei sak som syner:

1. Inntektsmoglegheiter for kommunen ved å selja andels- og konsesjonskrafta til beste pris på kraftmarknaden. Korleis vil dette verke på Hemsedal Energi som nettselskap.
2. Omsette krafta vår gjennom Hemsedal Energi som før, men med endring av vedtektene for Hemsedal Energi slik at krafta vert omsett til marknadspris. Kva utbytte kan Hemsedal kommune rekne med ved ei slik ordning, og kva er framtidsutsiktene for Hemsedal Energi då?
3. Hemsedal formannskap og styret i Hemsedal Energi gjennomfører denne prosessen og får fullmakt til å innhente nødvendig kompetanse for å gjera arbeidet.
4. Frist for utgreiinga vert sett til 1. juni 2008.

## **Handsaming/vedtak i Økonomiutvalget den 26.03.2008 sak 1/08**

### **Handsaming:**

*Framlegg til nytt pkt.4 frå Tor Grøthe og Martin Lindal:*

Nytt pkt.4:

Kommunestyret ber om at det blir sett i gang ei utgreiing av konsekvensane ved innføring av eigedomsskatt i Hemsedal kommune.

Framlegget frå Tor Grøthe og Martin Lindal fekk 3 røyster og vart ikkje vedteke. 4 røysta mot framlegget.

Pkt 1-4 i framlegget frå ordførar vart vedteke mot 1 røyst (Tor Grøthe)

### **Vedtak:**

Økonomiutvalet si innstilling til kommunestyret:

Hemsedal kommunestyre ber om at det blir lagt fram ei sak som syner:

1. Inntektsmoglegheiter for kommunen ved å selja andels- og konsesjonskrafta til beste pris på kraftmarknaden. Korleis vil dette verke på Hemsedal Energi som nettselskap.
2. Omsette krafta vår gjennom Hemsedal Energi som før, men med endring av vedtektene for Hemsedal Energi slik at krafta vert omsett til markedspris. Kva utbytte kan Hemsedal kommune rekne med ved ei slik ordning, og kva er framtidsutsiktene for Hemsedal Energi då?
3. Hemsedal formannskap og styret i Hemsedal Energi gjennomfører denne prosessen og får fullmakt til å innhente nødvendig kompetanse for å gjera arbeidet.
4. Frist for utgreiinga vert sett til 1. juni 2008.

# Hemsedal kommune

## Sakshandsaming

**Saknr .:** 19/08  
Arkivsaksnr: 08/360  
Arkivkode: 145

Saksbehandler: Gabriel Johannessen

---

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 19/08	Kommunestyret	03.04.2008

---

<b><i>BUDSJETT 2008 - FRAMLEGG TIL INNSPARINGAR OG JUSTERINGAR ETTER HANDSAMING I ØKONOMIUTVALET</i></b>
--

### ***Saka blir avgjort av:***

Kommunestyret

### ***Vedlegg:***

Ingen

### ***Dokument i saka:***

1. Skriv frå rådmannen til etatsjefar, tenesteleiarar og tillitsvalde datert 28.februar 2008
2. Organisasjonskart oppdatert pr. 1.mars 2008 inkl. stillingsheimlar
3. Framlegg til innsparingar og korrigeringar inntekter – sentraladministrasjonen
4. Framlegg til innsparingar og korrigeringar inntekter – kultur- og oppvekstetaten
5. Framlegg til innsparingar og korrigeringar inntekter – helse – og sosialetaten
6. Framlegg til innsparingar og korrigeringar inntekter – pleie- og omsorgsetate
7. Framlegg til innsparingar og korrigeringar inntekter – teknisk etat
8. Notat frå Kommunalbanken datert 26.3.2008 vedr. mogleg avdragsforlenging Hemsdal kommune sine lån
9. Skriv frå KLP datert 11.3.2008 vedr. forventa reduksjon i premiebetaling 2008
10. Korrigert oppsett innsparingar kultur – og oppvekstetaten datert 26.3.2008

Dokument 1,.....7 og 9-10 eller sendt ut til samtlege medlem og varamedlem til kommunestyret.

### ***Saksopplysningar:***

Rådmannen orienterte allereie i møte 22. januar og 12. februar 2008 formannskapet om at det med bakgrunn i førebels signal frå Finansdepartementet, SSB og KS ville bli ei betydeleg reduksjon i samla skatt og rammetilskot til Hemsedal kommune i 2008.

Rådmannen sendte 28.februar 2008 ut slikt skriv til etatsjefar, verksemdleiarar og hovedtillitsvalde i Hemsedal kommune:

**"BUDSJETTSITUASJONEN I HEMSEDAL KOMMUNE**

Allereie i oktober 2007 vart det frå rådmannen si side gitt orientering til folkevalde, leiarar og tillitsvalde om at det var knyta stor usikkerheit til kommunen sine skatteinntekter og overføringar av rammetilskot frå staten. Tilsvarande signal vart og gjeve til medlemma i Arbeidsmiljøutvalet.

Hemsedal hadde i 2006 hatt heilt ekstraordinære skatteinntekter frå sal av fast eigedom grunna omlegging av skattesystemet. Tal synte då ei auke frå 2005 på om lag 21% og det var berre 2-3 kommunar i landet som kunne syne til tilsvarande tal.

Ettersom kommunen om frå tidlegare har hatt eit inntektsnivå frå skatt som ligg om lag 40 % over landsgjennomsnittet vert samstundes trekking til inntektsutjamning med andre kommunar stort.

Allereie før sommaren 2007 synte tal for skatteinngang i Hemsedal at inntekta i 2007 ville bli sterkt redusert. Grunnlaget for berekning av skatt og ramme for kommunen, både i samband med revidert nasjonalbudsjett, KS sine prognoser og i såkalla Grønt hefte frå Finansdepartementet synte langt høgare tal for skatt og ramme enn det ein kunne forventa.

Eit samrøystes kommunestyre valde i desember 2007 å leggje tala frå Grønt hefte til grunn for dei økonomiske rammene som vart tildelt dei ulike tenestoområda i budsjett for 2008.

Endeleg tal for skatt og ramme for Hemsedal kommune i 2007 har synt ei negativ utvikling. Driftsresultatet for 2007 syner eit underskot på om lag 1.2 mill kr. Resultatet er om lag i tråd med det som både folkevalde og administrativ leiing hadde forventa.

Reduksjonen i skatt og ramme frå 2006 er stor og samanlikna med resten av "kommune-Noreg" har og Hemsedal kommune ei negativ utvikling. Sett over denne perioden vil ikkje den nominelle auken i skatt og ramme kompensere for løns- og prisauke, utan at det er tatt omsyn til nye tiltak som er sett i verk.

Fredag i seinaste veke la Statistisk Sentralbyrå fram resultat av nye folketal pr. 1.januar 2008. Ut frå dette er nemnde prognosemodellar korrigert. Hemsedal kommune har hatt folkevekst på 7 innbyggjarar, frå 1963 til 1970. Likevel syner nye prognosemodellar at kommunen vil få ytterlegare 1.1. mill kr mindre i skatt og ramme i 2008enn det som var forventa. Tala for planperioden 2009-2011 syner i realiteten ein ytterlegare reduksjon.

Det er konstatert at KS og sentrale styresmakter no er usamde i kva grad kommunane det siste året har fått kompensert sine utgifter for kostnadsveksten. Det er for første gong dissens frå KS i Teknisk Berekningsutval (TBU) der kommunane meiner ikkje å ha fått kompensert sine kostnader for 2007 og 2008. Utfallet av dette og kva dette vil ha å seie for Hemsedal vil ikkje bli avklare før framlegging av Revidert Nasjonalbudsjett i mai 2008.

Vi veit og at kommunesektoren kan forventa eit dyrt lønsoppgjer i mai 2008. Hemsedal kommune har lagt inn ein lønsvekst i sine føresetnader på 4.5%. Dette er i overkant av kva sentrale myndigheiter varsla i sine styringsdokument i 2007. "Signal" så langt i 2008 kan tyde på at lønsauken kan bli større. Kva dette vil ha å seie og om eller korleis dette vert kompensert vil ikkje bli avklart før oppgjeret er i hamn.

**Kva er stoda i Hemsedal kommune pr. 1.mars 2008?**

Ut frå vedteke budsjett og dei tal som no ligg føre vil Hemsedal kommune få eit forventa underskot i 2008 på minst 6.5 mill kr. Det må understrekast at dette er før det vert gjort eventuelle endringar i rammevilkåra frå staten si side.

Det er likevel ikkje tvil om at det må setjast i gong tiltak for å snu ein negativ trend snarast råd. Dette må vi stå saman om, både folkevalde, leiarar, tillitsvalde og alle tilsette.

**Igangsetjing av konkrete tiltak.**

*Rådmannen vil understreke at han ikkje ynskjer dramatisere situasjonen. Det er det og gitt politiske signal om. Med behovet for å "snu steinar" og sjå på alle moglege tiltak for å rette opp den vanskelege situasjonen er nødvendig.*

*Formannskapet har drøfta situasjonen i sine siste møte. I tillegg er det drøfta i møte mellom ordførar og leiargruppa. Formannskapet og leiargruppa vil halde fram drøftingar av ulike tiltak i møte tysdag 4.mars. Hovudtillitsvalde vil og v Det vert understreka at tiltak i denne samanheng er både spørsmål om å auke kommunen sine frie inntekter og reduksjon i tiltak / kostnader. Det er likevel ikkje realistisk å anta at ein så stor reduksjon som forventa kan gjerast utan at det vil gå ut over tenestetilbodet.*

**Kva er kravet til etatane / tenesteområda i noverande situasjon?**

- 1.Politisk leiing og leiargruppa er samd i at kvar enkelt etat i første omgang blir beden om å sjå på kva tiltak som må settast i verk for at Dykk i 2008 skal redusere utgiftsramma med 3%.*
- 2. Samtlege etatar / verksemder må snarast sjå på kva tiltak som anten kan setjast ut i tid eller reduserast. I tillegg vert Dykk beden om å redusere innkjøp / tiltak slik at forbruket vert lågare enn budsjettert i tida framover.*
- 3.Dykk vart beden å om leggje fram tiltak frå denne føresetnaden og gje ei beskriving av kva konsekvensar dette vil få for tenestetilbodet.*
- 4. Etatane vert og beden om å sjå om det kan genererast større inntekter enn det som går fram av vedteke budsjett for 2008. Det må og vurderast om nye inntekter kan framringast seinare i planperioden 2009-2011.*
- 5. Rådmannen ber om at det på etatsnivå – og i samhandling med dei tillitsvalde- vert drøfta kva som må gjerast for å redusere utgiftene som her nemnt. Han ber om at framlegg til tiltak vert sendt rådmannen, med kopi til ordførar, innan 17.mars 2008*

Det vart vidare avhalde eit felles orienteringsmøte mellom økonomiutvalet, administrativ leiing og dei hovedtillitsvalde den 3.mars 2008. Med bakgrunn i møtet og tidlegare tilsendt skriv vart det bestemt at administrasjonen fekk i oppgåve å kome med framlegg til ein reduksjon i brutto driftsutgifter på 4%. Unnanteke skulle vera postar under dei ulike ansvars- og tenesteområda der kommunen er bunden av ulike avtaler. Frist vart sett til 17.mars 2008.

Økonomiutvalet fekk i møte 26.mars 2008, sak 2/08, lagt fram framlegg til reduksjonar i utgifter / mogleg auke i inntekter.

Framlegga frå etatane vart handsama og økonomiutvalet legg fram eit itlnæma omforeint framlegg til kommunestyret. Rådmannen syner til vedlagte protokoll frå møtet, vedlegg 1.

***Forhold til overordna plan:***

Forholdet til økonomiplan for perioden 2009-2011 er ikkje særskilt vurdert. Rammene i økonomiplanen må på sikt korrigerast i tråd med dei vedtak kommunestyret gjer i denne saka. Framlegga til tiltak har imidderid ulik verknad sett over tid. For å sjå kva endringar i drift som må gjerast over tid må takast nærare opp i samband med rullering av økonomiplanen hausten 2008 og endeleg vedtak i desember 2008.

### ***Miljøkonsekvensar:***

Rådmannen vil presisera at framlegget til reduksjonar ikkje kan gjerast utan at det vil ha innverknad på arbeidsmiljøet i Hemsedal kommune.

Det har gjennom dei seinaste åra blitt lagt stor vekt på å byggje opp eit godt arbeidsmiljø. Kartlegging gjort blant dei tilsette dei seinaste vekene syner at dette er ei unison oppfatning.

Rådmannen vil gjera merksam på at reduksjon i stillingar, reduksjon i bruken av vikarar vil ha konsekvensar for arbeidsmiljøet, både på kort og lang sikt. Det vil og gje utfordringar med tanke på framtidig rekruttering til kommunale arbeidsplassar i ein allereie stram arbeidsmarknad. Både dei folkevalde og administrasjonen har difor i arbeidet med nødvendige reduksjonar lagt vekt på at midlar til velferdstiltak, opplæring / kompetanseheving ikkje skal reduserast.

Det er samstundes viktig å presisera at administrativ leing i samhandling med tillitsvalde og alle dei tilsette vil gjera det dei kan for å unngå negative verknader.

### ***Økonomiske konsekvensar:***

Rådmannen gjer elles merksam på at det i ramma for hele- og sosialetaten for 2008 ikkje er lagt inn tiltak vedtekne tiltak ekstrahjelp legevakt, jordmorteneste, oppgradering fagsystem m.v. frå økonomiutvalet si handsaming av budsjett under samlinga på Kamben november 2007. Dette utgjer til saman kr 350 000. Økonomiutvalet gjer framlegg om at kr 350 000 vert henta frå formannskapetets disposisjonskonto 14900.1000.1805. Det står ikkje att midlar på disposisjonskontoen pr. 26.mars 2008.

### ***Vurdering:***

Økonomiutvalet har i sitt arbeid vurdert både inntekts- og utgiftssida i budsjettet.

#### **1. Frie inntekter.**

Det blir lagt fram eiga sak vedrørande inntekter / utbyte frå Hemsedal Energi. Denne vil kome til politisk handsaming i kommunestyret i juni 2008.

Ei eventuell utgreiing / forprosjekt vedrørande eigedomsskatt er det førebels ikkje tatt nokon avgjerd i forhold til. Dersom kommunestyret velgjer å be administrasjonen om ein slik rapport må kommunestyret avgjera dette i møte primo april 2008.

#### **2. Endring i skatt og rammetilskot.**

Økonomiutvalet ser at fastsetting av forventa skatt og rammetilskot for 2008 framleis er usikkert. Økonomiutvalet ser det difor som nødvendig å vente med fastsetjing til etter framlegging av revidert Nasjonalbudsjett i mai 2008. Det er rimeleg å anta at auken i skatt / ramme i samband med revidert Nasjonalbudsjett for Hemsedal kommune sitt vedkomande vil utgjera om lag 1.5 mill kr. Samla skatt / ramme for Hemsedal kommune i 2008 vil då vera om lag 70 mill kr.

#### **3. Lønsoppgjeret pr. 1.mai 2008**

Det er lagt inn ei forventa lønsauke i 2008 på 4.5%. Signal frå partane i arbeidslivet i forkant av oppgjeret tyder på at oppgjeret kan verta på 5-6%. 1% auke i lønsutgifter for Hemsedal kommune utgjer om lag kr 700 000 pr. år eller kr 400 000 for 2008.

#### **4. Renteauke**

Dersom lønstillegga vert så høge som 6% er signala frå landets fagøkonomar at vi vil få ei kraftig renteauke. Årleg auke i finanskostnader utgjer kr 800 000 pr. prosentpoeng.

**Økonomiutvalet har drøfta nemnde fire punkt i møte onsdag 26.mars 2008. Punkt er vurdert i samanheng med dei innspel / framlegg til endringar i budsjett som er lagt fram frå administrasjonen si side.**

Økonomiutvalet gjev slik tilråding til kommunestyret.

1. Endring i skatt og rammetilskot for 2008 vert gjort i samband med framlegging av revidert nasjonalbudsjett i mai 2008
2. Auke i avdragstid på lån kan gje kommunen ei betring i likviditet og driftsresultat i 2008 med inntil kr 790 000. Dette vert ikkje vurdert før kommunen ser resultatet ved framlegging av revidert nasjonalbudsjett mai 2008.

3. Reduksjonar ansvarsområde: Rådmann

a. 10% reduksjon – folkevalde – godtgj. Ordførar	-120.000
b. Reduksjon till.løyvingar	-500.000
c. It-utstyr,bevertn.,opplæring	
d. Kons.tenester / IKT Hallingdal	
e. Velferdstiltak,annonsering,	
f. Jur.bistand m.m. tils.	-150.000
<u>Ekstrahjelp / overtid – økonomi</u>	
<b>g. <u>Sum reduksjon ramme rådmannen</u></b>	<b>-770.000</b>

Økonomiutvalet finn ikkje å kunne tilrå framlegg om stans i utgjeving av Kommunesposten, reduksjon i forventa renteutgifter. Forholdet til endring i skatt og ramme blir handsama i samband med revidert Nasjonalbudsjett mai 2008.

4. Reduksjonar ansvarsområde: Kultur og oppvekst

h. Ansvar 2010: Kultur-og oppvekstsjef	-165.000
i. Ansvar kultur og musikkskulen	-60.000
j. HBU	-300.000
k. Ulsåk skule	-50.000
l. Tuv skule	-145.000
m. <u>Barnehagane – auke inntekt</u>	+150.000
<b><u>Sum reduksjon ramme kultur og oppvekst</u></b>	<b>-870.000</b>

Økonomiutvalet finn å tilrå mindre reduksjonar i brutto ramme til HBU og Ulsåk skule ut frå dei signal som er motteke om situasjonen ved skulane.

Økonomiutvalet er samd i at HBU tar bort ordninga med frukt. Forholdet til leirskule frå 2009 må vurderast nærare, men ein tar til etterretning at dette ikkje er ei lovpålagt oppgåve

Spørsmålet om auka timetal og dekking av desse må takast opp i eiga sak i Hovedutval for Livsløp og vidare i økonomiutval og kommunestyret

5. Reduksjonar ansvarsområde: Helse – og sosial

a. Stillingar NAV, sosialavdeling, fysioterapi	-520.000
b. <u>Auke inntekt flyktningar-integreringstilskot</u>	<u>+130.000</u>

**Sum reduksjon/korr.ramme helse-og sosial -650.000**

Helse- og sosialetaten får kompensert kr 350.000 for manglande ramme tildelt for 2008.

6. Reduksjonar ansvarsområde: Pleie – og omsorg

- a. Tiltak 1-8 i etaten sitt framlegg, ekskl. velferds-tiltak for bebuarar -750.000

**Sum reduksjon/korr.ramme pleie-og omsorg -750.000**

Økonomiutvalet finn ikkje å kunne tilrå at velferdstiltaka for eldre vert fjerna.

Ein ber om at det vert søkt samarbeid med Frivillighetsentralen.

7. Reduksjonar ansvarsområde: Teknisk

- a. Løn, ekstrahjelp -450.000  
 b. Gatelys -20.000  
 c. Andre reduksjonar, event. auke i inntekter, utsetjing av vedlikehald., samarbeid. med H.Energi  
 ekskl.nedlegging av off. toalett Trøim -315.000

**Sum reduksjon/korr.ramme teknisk -785.000**

Økonomiutvalet finn ikkje å kunne tilrå stenging av toalett i Trøim sentrum  
 Finansiering av stilling som leiar av landbruk og næring ved bruk av næringsfondet er ikkje aktuelt.

**Økonomiutvalet si tilråding:**

Økonomiutvalet gjer framlegg om slike endringar i budsjetttrammene for etatane i Hemsedal kommune for budsjettåret 2008:

1. Endring i skatt og rammetilskot for 2008 vert gjort i samband med framlegging av revidert nasjonalbudsjett i mai 2008.
2. Auke i avdragstid på lån kan gje kommunen ei betring i likviditet og driftsresultat i 2008 med inntil kr 790 000. Dette vert ikkje vurdert før kommunen ser resultatet ved framlegging av revidert nasjonalbudsjett mai 2008.
3. Reduksjonar ansvarsområde: Rådmann
  - n. 10% reduksjon – folkevalde – godtgj. Ordførar -120.000
  - o. Reduksjon till.løyvingar -500.000
  - p. It-utstyr, bevertn., opplæring
  - q. Kons.tenester / IKT Hallingdal
  - r. Velferdstiltak, annonsering,

s. Jur.bistand m.m.	tils.	-150.000
t. <u>Ekstrahjelp / overtid – økonomi</u>		
<b>Sum reduksjon ramme rådmannen</b>		<b>-770.000</b>

4. Reduksjonar ansvarsområde: <u>Kultur og oppvekst</u>		
u. Ansvar 2010: Kultur-og oppvekstsjef		-165.000
v. Ansvar kultur og musikkskulen		-60.000
w. HBU		-300.000
x. Ulsåk skule		-50.000
y. Tuv skule		-145.000
z. <u>Barnehagane – auke inntekt</u>		<u>+150.000</u>
<b>Sum reduksjon ramme kultur og oppvekst</b>		<b>-870.000</b>

Spørsmålet om auka rammetimetal og dekking av dette må takast opp i eiga sak i Hovudutval for Livsløp og vidare i økonomiutval og kommunestyret

Helse- og sosialetaten får kompensert kr 350.000 for manglande ramme tildelt for 2008.

5. Reduksjonar ansvarsområde: <u>Helse – og sosial</u>		
æ. Stillingar NAV, sosialavdeling, fysioterapi+div		-520.000
ø. <u>Auke inntekt flyktningar-integreringstilskot</u>		<u>+130.000</u>
<b>Sum reduksjon/korr.ramme helse-og sosial</b>		<b>-650.000</b>

6. Reduksjonar ansvarsområde: <u>Pleie – og omsorg</u>		
å. Tiltak 1-8 i etaten sitt framlegg, ekskl. velferds-tiltak for bebuarar		-750.000
<b>Sum reduksjon/korr.ramme pleie-og omsorg</b>		<b>-750.000</b>

7. Reduksjonar ansvarsområde: <u>Teknisk</u>		
aa. Løn, ekstrahjelp		-450.000
bb. Gatelys		-20.000
cc. Andre reduksjonar, ekskl. nedlegging av off. toalett Trøim (eigedom t.d. utsetting av vedlikehald og teknisk drift ved samarbeid om utstyr		
m.m. med Hemsedal Energi		-315.000
<b>Sum reduksjon/korr.ramme teknisk</b>		<b>-785.000</b>